



[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

Nr 1 | 2023 | 82. årg

# KYRKJENYTT

for Vossabygdene



**4** MINNEORD  
MAGNAR  
HAALAND

**6** MISJONS-  
PROSJEKTET

**7** BORNAS  
SIDER

**DE HISTORISKE**

**DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP**  
T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik, Sigle og Marie Fleischer

**DET ER NOE MED FLEISCHER'S**

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

**MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER**

**FLEISCHER'S HOTEL**  
ANNO 1864

f t i

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

### Om Kyrkjennytt:

Kyrkjennytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve  
Trykkeri: Molvik Grafisk AS  
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjennytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

**Neste nummer kjem i veke 12. Frist for melding om stoff er måndag 27. februar.**

### Kyrjekontoret på Voss:

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Telefon: 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

### Voss kyrkjelege fellesråd:

**Kyrkjeverje** Svein Tøsse

tlf 959 79 905. E-post st545@kyrkja.no

**Kontorleiar** Vibeke Lemme Rasdal

tlf 922 45 274. E-post vl454@kyrkja.no

**Kateket** Rønnaug Eng Skjeldal

tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no

**Kyrkjelydspedagog** Camilla M Velsvik

tlf 995 18 194. E-post cs222@kyrkja.no

**Trusopplæringsmedarbeidar** Åshild Bøe

Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post

ak649@kyrkja.no

**Diakon** Sigrid Djukastein Mala

tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no

**Diakonimedarbeidar** Anja Slåtten

tlf 417 04 958. E-post as257@kyrkja.no

**Ungdomsprest** Vetle Leksbø

tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no

**Kantor** Astrid Gjestvang

tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no

**Organist** Frode Vik, tlf 952 62 084.

**Organist** Ellen Marie Selland Geithung

tlf 980 64 594.

**Organist** Edyta Bryk, tlf 954 30 695.

**Kyrkjetenar på Bolstad** Anny Forthun

tlf 481 36 520

**Kyrkjetenar på Evanger** June Mykkeltvedt

tlf 934 46 884

**Kyrkjetenar på Voss** Thomas Velsvik

tlf 414 75 383

**Kyrkjetenar i Granvin** Ingvild Baartvedt

tlf 468 98 970

**Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje** Trond

Olav Neteland, tlf 957 02 327

**Kyrkjetenar i Raundalen** Nils Lid,

tlf 901 36 496

**Gravar** Vidar Bryn, tlf 996 00 940

**Oppsynsmann for kyrkjegardane** Hege

Ukvitne, tlf 918 74 201

**Redaktør i Kyrkjennytt** Randi Kløve

tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

**Kontormedarbeidarar** Idunn Holen og

Lene Brunborg.

### Prestetenesta:

**Prost i Hardanger og Voss** Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

**Sokneprest i Voss** Hans-Christian Küspert

tlf 954 50 572. E-post hk782@kyrkja.no

**Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim**

**og Raundalen** Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

**Sokneprest i Evanger og Bolstad**

Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

**Prestevikar** Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

### Soknerådsleiarar:

**Evanger:** Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

**Voss:** Bjørg Helland, tlf 938 56 326

**Oppheim:** Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

**Vinje:** Ståle Hirth, tlf 950 81 902

**Raundalen:** Johnny Lemme, tlf 401 82 912

**Granvin:** Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsdebilete: Simon Berger, Unsplash.com..

S3: Jackson David, Unsplash.com.

Informasjon om gudstenester, trusopplæringstiltak, påmelding til dåp og mykje anna finn du på **www.voss.kyrkja.no**

 **Gravplass i Voss**

**Gravplassadministrasjonen i**

**Voss herad** har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjjetunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.



# Jesu grenselause løfte

av Bjarthe Nese

**«.... Dersom to av dykk her på jorda blir samde om å be om noko, kva det enn er, skal dei få det av Far min i himmelen. Fordert oellertreersamla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.»**

(Matt 18, 19-20)

Slike ord frå frelsaren skapar forventningar som tilsynelatande ikkje blir innfridd utan vidare. Eit slikt løfte er provoserande. For velstand og lykke er ikkje jamt fordelt blant menneska!

Eg må innrømme at bønene mine ofte er ein samtale med meg sjølv - i minst like stor grad som ein samtale med Gud. Eg er så fylt opp av meg sjølv og mine eigne stemmer at eg neppe er open for eit bønnesvar som ligg utanfor min eigen horisont. Men når Gud er midt iblant oss, så må det bety at han høyrer på forteljingane mine om livet. Han høyrer på korleis eg fortel, og korleis eg tolkar mitt eige liv - sagt litt annleis: Han høyrer kva livsforteljing eg set meg sjølv inn i. Gud er midt i mi livsforteljing - midt i livet - anten eg har oppdaga det eller ikkje.

Nokre menneske må bere mange prøvingar og vanskar, medan andre bokstaveleg talt har mindre problem å stri med. Slik er verda blitt. Jesus utfordrar oss gong etter gong til å aktivisere lækjande krefter i verda. Og det er her eg finn nøkkelen til Jesu løfte om bønnesvar. For Guds handling er ikkje avgrensa av noko. Men horisonten min, språket mitt og forteljingane mine er så snevre at eg ikkje er i stand til å sjå noko av det himmelske. Ikkje eingong meg sjølv. Eg ser ikkje meg sjølv nok - til å forstå at eg eigentleg vil dele meir, slik at verda blir meir rettvis!

Ordet vart menneske heiter det i Johannesprologen (Joh. 1). Ord er verkelege. Språket er umåteleg viktig for å kunne organisere tankane. Språket er gitt oss frå andre menneske. Det er ikkje noko vi har. Det skapar den røyndommen vi tolkar livet ut i frå. Orda vi seier inni oss - og til andre - er viktige for korleis vi ser på oss sjølve, og korleis vi tolkar vårt eige liv. Enkelte menneske set seg sjølv inn i forteljingar som skapar vanskar for dei. Andre ikkje. Den forteljinga eg set meg sjølv inn i blir verkeleg for meg.

Når Jesus gjer eit grenselaut løfte om bønnesvar, så er det eit dytt over i det guddommelege. Jesu løfte er så stort at det verkar meiningslaust. For språket mitt har ikkje vokabular til å kunne gje dette mening. Eit slikt språk må bli gitt meg utanfrå, slik at det guddommelege kan kommuniserast til meg. Difor måtte Ordet bli menneske slik at verda kunne bli opna opp for Guds nåde.

Jesus gav grenselause løfte for å dytte meg ut av mitt eige. Eg forstå ikkje alt han seier. Men han har gitt meg noko språk, slik at eg ser at livet mitt ligg i Guds hender. Det gjer han i tankeverda mi, og som ein praktisk realitet han vil oppfylle når alt er slutt. Han ber meg no.

Men klarar eg å ta imot nåde? Nokre gonger er det lett - men ikkje alltid. Hovmodet mitt slår opp eit skal omkring meg til vern. Det må opnast - akkurat som at ein vond løyndom mistar si kraft når den kjem fram i lyset. Å setje ord på livet mitt og ståstaden ovanfor Gud frigjer meg. Det gjer meg meir audmjuk, andsynes min eigen forstand, eige liv, for Skaparen, skaparverket, døden og medmenneske. Dette oppdagar eg stadig nye sider ved. Difor blir eg aldri ferdig med Gud. Han set meg stadig inn i nye forteljingar.

# Minneord sokneprest Magnar Haaland

Vår ven og kollega Magnar Haaland døydde på nyttårsaftan. Han hadde slite med kreftsjukdommen i 12 år og hatt fleire operasjonar. Men han kom alltid attende til prestenesta og hadde så mykje å gje, både til kyrkjelyd og til kollegaer i staben.

Dette skreiv Magnar på FB-sida si 2. desember 22: «I dag har det allereie vore ein god dag, sjølv om det er kaotisk i og rundt meg. Eg har fått eit anna menneske til å smile. Ergo: ein god dag.»

Dette fortel noko om Magnar og kva som var viktig for han. Sjølv om han sleit med helsa i mange år, så var han opptatt av menneska rundt seg. Han ville gjerne gjere ein forskjell. Magnar var omsorgsfull og hjelpsom særlig i møte med nyttilsette i staben.

Han kunne vise ei barnleg glede. Han kunne juble med eit glimt i auga over at han hadde meir enn 100% oppslutnad om konfirmantarbeidet i Ulvik. Han gledde seg med trusopplæringsarbeidet og storkoste seg når han fekk leika i lag med borna. Fjerning av benkar og rydding av barnekrok bak i kyrkja i Granvin var ein stor siger og eit uttrykk for at alle skal finne sin plass.

Men han kunne også være ein nær samtalepartner og god hjelp for menneske som kom til kyrkja i sorg. Han var lite sjølvhøgtideleg og fekk andre til å kjenne seg ivaretekne.



Bilete teke hausten 2022  
av Randi Kløve

Magnar var seg sjølv og kunne være utradisjonell. Då kyrkjetenaren i Vangskyrkja fylte 40 år fekk han heile kyrkjelyden til å reisa seg og være med på bursdagsongen. På kontoret kjende vi att Magnar når han kom syngjande gjennom gangane. Han sa ofte at kan skulle berre innom for å kasta litt glans. Når dagen var omme gløtta han gjerne på kontordørene våre med eit smil og «ha ein god dag», eller «hasta la vista» og «peace and love». Magnar var også inkluderande når det kom

til dei ulike spenningar som kyrkja opplever, og vektla fellesskapet i trua og i tenesta.

Magnar budde aleine i Skulestadmo. Vi som stab kjende at vi var som familie for han. Han var open om vanskaner knytte til sjukdomen. Første store operasjonen han måtte igjennom var i 2010. Ein kunne undre seg over at han ikkje var meir prega av sjukdomen i det daglege. Det var aldri det første han snakka om, han var fokusert på det daglege arbeidet og tenesta.

Staben på Voss og i Ulvik vil sakne Magnar. Vi har mange gode minner om ein god medarbeidar og ven.

Fred med ditt minne, Magnar.

Staben på Voss og i Ulvik.  
Arild Hellesøy  
Prost.

# Joletrefest på Bolstad



Sundag 8 januar var det det joletrefest i bedehuset på Bolstad. Det møtte ca 25 stk, store og små, unge og eldre. Jolotreet stod så fint pynta med myje godt å eta, kakemenn, sjokolade og epler. Frode Kvamsøe leia festen og det vart gang rundt treet. Til slutt kosa me oss med kaffi, kakao og saft, noko var "restar etter jola" og noko var nybakt. Ungane fekk hausta av alt det gode på treet. Det var ei koseleg stund for oss alle.

Tekst og bilete: Gunn Horvei

## Gullkonfirmantar - Vinje og Oppheim sokn

Gullkonfirmantane frå 1970, -71 og -72 (Oppheim og Vinje sokn) feira saman på Helgatun 30. oktober 2022.



1970:  
Ingunn Bystøl, Else Inger Opheim Gimmestad, Bergfrid Mørkve, Anne Sofie Dregelid Nilsen, Kirsten Lirhus Jordalen, Svanaug Ure Matre

1971:  
Britt Iren Norheim Sanden, Knut Skjervheim, Oddny Hylland, Berit Sivlesøy Hårklau, Kjell Ure, Reidar Ure, Kåre Ulvund, Magnhild Bidne Kløve, Brita Tveite, Inger Dregelid, Bjørg Ure, Marita Kløve Alnes, Brit Marie Tveite Gjerald, Marta Grindelund Greaker

1972:  
Nils Dagfinn Dregelid, Gerd Torunn Lund, Vidar Stalheim, Inger Johanne Bruland Brusveen, Svein Gunnar Mørkve

# Misjonsprosjektet



## Utviklingsarbeid i urolege tider

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

I 2022 starta tredje fase av utviklingsprogrammet Green Livelihood Program (Green LIP) i Vest-Etiopia. Det har spesielt fokus på ungdom og kvinner og eit overordna mål om å betra levekåra i to område i vest. Green LIP er utforma for å satsa på dei sosiale og økonomiske utfordringane i lokalsamfunna, uavhengig av religion, etnisitet, kjønn og alder. Målet er at heile 22.360 personar skal vera direkte berørt av programmet, i tillegg 30.000 som får indirekte glede av det.

Green LIP har fokus på to målsetjingar. Det eine er at kvinner og ungdom skal få tilgang til inntekt, juridiske rettar og å styrka deira posisjon i samfunnet. Gjennom opplæring og ulike aktivitetar er målet å auka sosial og økonomisk utvikling for kvinner. For ungdomar er det verdiskaping og å betra mogelegheita for å få jobb.

Den andre hovudmålsetjinga er å fremja eit klimasmart, berekraftig landbruk som er motstandsdyktig mot klimaendringar



og kan gje auka mattryggleik. Som ein del av dette har prosjektet fokus på å betra kunnskapen om stodeigne planter som er motstandsdyktig mot tørke og som er eigna for skogvern. Overutnytting av naturressursar og mangel på jord og mat er faktorar som kan føra til konflikt mellom ulike grupper. Det vert gjennomført aktivitetar som skal bidra til å ta vare på lærdom i konflikthandtering og å overføra denne kunnskapen til yngre generasjonar. Dette er svært viktig i ei tid der etnisk uro har blussa kraftig opp i landet.

Be om at 2023 vert eit betre år for menneska i Etiopia og at Green LIP må lukkast.



Voss kyrkjelyd støtta NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia. Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877.

Foto: Kenesa Michael

# Trusopplæring i kyrkjene våre

## T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss. Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

Det har skjedd mykje i kyrkjene våre etter forrige utgåve av Kyrkjennytt (Jolekveld i kyrkjelyden). Noko av det me viser denne gongen er likevel arrangement som skjedde tidlegare i haust, men som det ikkje er vist bileter frå tidlegare. Kos dekan, og nyt alt det flotte barnearbeidet som skjer i kyrkjene våre.

### Babysong Vossestrand, haust 2022

T<sub>1</sub>



I haust har me hatt tilbod om babysong 6 torsdagar i kyrkjestova på Oppheim. 5 babyar med føresette har fått sunge, dansa og spelt saman. Ei koseleg føremiddagsstund for både born og vaksne. Siste kursdagen avslutta me på Vossestrand Omsorgstun. Der fekk me synt fram litt av det me held på med. Fleire av songane var kjent for bebuarane, og det er alltid så rørende når både yngre og eldre stemmer i "Den fyrste song", som me alltid startar babysongen med.

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

## T<sub>11</sub> Vossestrand



Ein herleg gjeng var med på T<sub>11</sub> Lys vaken i Oppheim kyrkje. Det var lek, song, quiz, andakt, lysløype og godt fellesskap. Me er lys vakne for kvarandre og for Gud. Gud er alltid lys vaken for oss.

## T<sub>5</sub> Voss



T<sub>5</sub> er jolekrybbeverkstad i Vonheim. Me starta med middag i lag før me fekk høyra joleevangeliet fortalt med figurar frå ei ferdig jolekrybbe. Deretter fekk femåringane laga si eiga jolekrybbe, før me leika oss igjennom det som skjedde den aller første jola.



## T-dag i Raundalen

For tida er det små kull i Raundalen sokn. Likevel vart det i haust utdeling av barnebibel under ei gudsteneste i kyrkja. To born fekk kvar sin bibel. Me vonar de får gode lesestunder i lag!

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

## T<sub>3</sub>/T<sub>4</sub>/T<sub>5</sub> i Granvin



Ei helg i november fylte me kyrkja i Granvin med born. Først ut fekk treåringane vere med på undretur og oppdage og oppleve alt det flotte i kyrkjebygget.

Etter ei lita pause kom femåringane og var med på jolekrybbeverkstad med forteljning og laging av eiga jolekrybbe. På sundagen var alle fireåringane (og sjølvsagt alle andre) velkomne til gudsteneste, der fireåringane



fekk sin eigen barnebibel. På denne gudstenesta hadde me det så kjekt at me heilt gløymde å ta bilete. Men løva Leon, den var med.



## T<sub>3</sub>/T<sub>4</sub>/T<sub>5</sub> Evanger og Bolstad sokn



Fyrste sundag i advent er det blitt tradisjon å invitere til familiegudsteneste i Bolstadøyri kapell. Her er tre-, fire- og femåringane særskildt inviterte. Fyrst feirar me felles gudsteneste der fireåringane får barnebibel. Etter ein deilig kyrkjekaffi, får treåringane vere med på undretur og femåringane får vere med å høyra joleevangeliet og laga jolekrybbe.

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

# Konfirmasjonsleirar

Etter to år utan konfirmantleirar fekk me endeleg reise til Helgatun igjen med to kjempeflotte konfirmantgrupper. Me koste oss med mykje morro, lærerike seminar, fine kveldssamlingar, god mat og herleg fellesskap. Me håpar at alle konfirmantar hadde ei flott helg!



Leirkveld med lek og morro



Laurdag var alle ute, enten på ski eller koste seg med bål og lek

Bibelsmugling. Rundt i verda er det livsfarleg å eige ein bibel. Å smugle biblar kan få store konsekvensar. Konfirmantane fekk kjenne litt på dette då me leika bibelsmugling.



Kreativ gøymestad for bibelen



Ungdomsleiarane kledde seg ut som grensevakter



Konfirmantane var flinke og fekk smugla fleire biblar til "Yemen"

Leiren vart avslutta med å feire gudsteneste i lag.



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

# T-dagar i kyrkjene våre våren 2023

## Voss sokn

T10 Kristuskransen: 30. jan  
T1 Babysong. Oppstart 7. mars  
T8 Tårnagentar 17. mars  
T7 Påskevandring 26. mars  
T4 Barnebibel 23. april  
T15 Konfirmasjonar 6., 7. og 14. mai  
T14 Informasjon om konfirmasjon, 24. mai  
T9 På sporet av Heilag Olav 3. juni

## Oppheim og Vinje sokn

T1 Babysong. Oppstart 19. jan  
T10 Kristuskransen: 1. feb  
T8 Tårnagentar 3. mars  
T7 Påskevandring 24. mars  
T15 Konfirmasjon 27. mai  
T9 På sporet av Heilag Olav 10. juni

## Evanger og Bolstad sokn

T1 Babysong i Vangskyrkja. Oppstart 7. mars  
T10/ T11 Kristuskransen: 8. feb  
T7 Påskevandring 2. april  
T15 Konfirmasjon 20. mai  
T14 Informasjon om konfirmasjon i Vangskyrkja,  
24. mai  
T8/T9 På sporet av Heilag Olav 13. juni

## Granvin sokn

T1 Babysong i Vangskyrkja. Oppstart 7. mars  
T8/T9 Tårnagentar 10. mars  
T7 Påskevandring 26. mars  
T15 Konfirmasjon 14. mai

## Raundalen sokn

Raundalen sokn fyl Voss sokn frå 1-2 og 6-18 år.  
T3-5 er i haustsemesteret.  
T15 Konfirmasjon 13. mai

Noter dykk datoane.

Invitasjonar kjem i posten til alle våre medlemmar i det aktuelle årstrinnet. Dersom de ikkje er medlemmar så er de hjarteleg velkomne likevel. For å få invitasjon kan de gjere ein av følgjande:

1. Melde barnet inn i Den norske kirke; [kirken.no/minside](https://kirken.no/minside)
2. Melde barnet som trusopplæringsabonnt (barnet vil då få invitasjonar til trusopplæringstiltak utan å vere innmeldt): [kirken.no/minside](https://kirken.no/minside)
3. Sende melding til kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik, 995 18 194. Barnet vert då registrert i vår interne liste, og får invitasjonar på lik linje med andre.

Invitasjonar vert også lagt på nettsidene våre når T-dagen nermar seg:

<https://www.voss.kyrkja.no/>

Saknar de ein T-dag? Mest truleg så kjem den til hausten :)



Ved spørsmål ta kontakt med kyrkjekontoret, 56523880 eller med kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik, 995 18 194






# BARNAS

## Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



## Vitsar

Så var det dei to forelska blekksprutane som gjekk arm i arm i arm i arm ...

Kva gåver blir vi sjeldan glade for? Oppgåver.

Har du høyrst om han som sov så tungt at senga knakk saman?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn fem feil!

Her er Jesus på besøk hos Sakkeus. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli



 Søndagsskolen – mer enn du tror

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

# Program for Seniortreff våren 2023

Velkomen til Seniortreff i Vonheim tysdagar kl.12.00 – 14.30.

Her vert det ulike kulturelle innslag og tema, andakt og allsong, og eit godt måltid med kaffi og noko å bite i.

Pris kr. 120,-

Har du bruk for skyss har me kjekke skysskarar. Ring 47849134, gjerne kvelden før.

- 14.mars Historiske bilete frå Voss. Kjell Herheim.
- 18.april Skisport i Vossabygda i historisk perspektiv og "Samkvem mellom Myrkdøle/Vossingar og Vik i Sogn". Magne Sørestrand.
- 9.mai Blømegleder i bilder. Hæge Graudo
- 13.juni Ikkje fastsett enno.

Vinnaren av konkurransen i Jolekveld i kyrkjelyden vart 7 år gamle Tonje frå Ålvik. Premie kjem i posten, Tonje. Gratulerer!!

## Program for Misjon og mosjon/ Misjon og motivasjon våren 2023.

15.02 kl.18.00. Misjon og Motivasjon

"Use yours Talents"

Om å gjere ein forskjell

19.03 Misjonssøndag

Misjonsgudstenseste kl.11.00

Med basar i Vonheim i etterkant av gudstenesta.

12.04 kl.17.30. Påskevandring på Urdland

10.05 kl.17.30. Misjon og Mosjon

Turmål: Bolstad

07.06 kl.17.30. Misjon og Mosjon

Turmål: gå del av den gamle kongevegen Opheim-Vinje.

Velkomen til kveldar med misjonsinformasjon og samtale gjennom vinteren og til Misjon og mosjon til våren! Turane går i nærområdet på Voss. Me har oppmøte ved prestegarden, KYrkjetunet, og køyrer saman til turmål. Der har me misjonsinfo, kaffi og litt å bite i, og går ein tur.

### Basar:

19 mars, vert det misjonssøndag med basar i Vonheim rett etter gudstenesta. Her vert det kaffi og kake, loddsal og gevinnstar for små og store. Så be ein god nabo, ven eller familie med og kom på basar! Her er alle hjarteleg velkomne!

Inntektene går til misjonsprosjektet Voss kyrkjelyd har i Etiopia.  
Misjonsnemda, Voss sokn.



**VOSS SPAREBANK**

- skapar verdiar for deg og lokalsamfunn

[www.vossabanken.no](http://www.vossabanken.no) - 56 52 03 00

**MYRK  
DALEN**

[myrkdalen.no](http://myrkdalen.no)



**Vekselbanken**

- ein god medspelar -

Telefon 56 52 35 00

- med tilbud til liten og stor

Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.



**VESTLAND**  
TRAFIKKOPPLÆRING

**Me ordnar alt  
vedrørende dødsfall**

Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar

VIRKE  
GRAVFERD

**Vinsands**  
GRAVFERDSBYRÅ

Telefon 56 51 11 94 [www.vinsand.no](http://www.vinsand.no)

**AZETS**

Azets Insight AS avd. Voss  
Evangervegen 3, 5704 Voss  
Autorisert regnskapsførerselskap  
[visma.no/outsourcing](http://visma.no/outsourcing)

**O.L.KYTHER AS**  
**entreprenør**

Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo  
Tlf. 56 52 38 60



**Voss Energi**

-rein vosskraft!

**Pianostemmer Voss**

På tide å stemme  
pianoet?



[pianostemmervoss.no](http://pianostemmervoss.no) Tlf. 99 43 53 36



**VINJO**

**KIWI mini  
pris**

Kiwi Vangen  
Tlf. 56 51 27 35

**GRAVSTEIN**

Nye gravmonument,  
tilføyningar og oppussing - ta kontakt med:

**STEIN & MERKE**

Per Vinje - Tlf. 56 51 69 88 - 908 52 099

**Nordhordland  
Begravelsesbyrå AS**

VIRKE  
GRAVFERD

Ring oss på tlf. 56 37 14 10  
eller sjå [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

Stort utvalg  
i blomster og  
gravminne!

KYRKJEVEGEN 1  
5911 Alversund

FREKHAUG:  
Havnevegen 31,  
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:  
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen



**Voss Bokhandel**

Vangsgata 27, 5700 Voss  
Tlf. 56 51 11 16

Din røyrleggjar i sentrum

Snakk med  
**Comfort**

Helge Nikolaisen A/S

Installasjon - Service - Vedlikehald

Velkomen i butikken!

Tlf. 56 51 26 28

Vangsgt. 4, 5700 Voss



Di annonse her? Ta kontakt  
med redaktøren på e-post  
[rk858@kyrkja.no](mailto:rk858@kyrkja.no)



Padlekurs på Elv og Hav - Teambuilding

[www.vaattogvilt.no](http://www.vaattogvilt.no) - Tlf 91374995



**VOSS MØBEL OG  
TREVAREVERKSTAD AS**

Skyvedørskarmer  
Loftstrapper  
Inspeksjonsluker



HMM Maskin  
EIK Senteret Voss



Stolte tradisjonar, ny næring

Regimentsvegen 14  
5705 Voss  
+47 56 52 9130  
[hmvgruppa.no](http://hmvgruppa.no)  
Verkstad og delerlager

Anleggsgartner og trepleiar

**GUNNAR LILLETHUN**

Tlf. 901 19 315 • [www.lillethun.no](http://www.lillethun.no)



# Kyrkjelege handlingar

## DØYPTE

### Raundalen sokn:

25.12 Johannes Skiple

### Vinje sokn:

08.01 Olav Skjervheim

### Voss sokn:

13.11 Lucas Kvitne  
13.11 Håvard Gjernes  
13.11 Nina Furevikstrand  
13.11 Amalie Selland

27.11 Emilia Kårbø-Himle  
27.11 Thea Brunborg  
27.11 Ingrid Eide  
27.11 Elias Nygaard  
11.12 Jonas Kvåle  
11.12 Thea Jordalen  
08.01 Sjur Vines Ringheim  
08.01 Elias Helland  
15.01 Hedda Gilbakken Lauritzen  
15.01 Lone Bøe Bryn

## DØDE

### Evanger og Bolstad sokn:

14.11 Gunnhild Botten, f. 1931  
02.01 Kari Olborg Hernes, f. 1931

### Granvin sokn:

01.01 Torbjørn Seim, f. 1928  
24.01 Wenche Lekven, f. 1954

### Oppheim sokn:

30.1 Per Midlang, f. 1938

### Raundalen sokn:

13.12 Kristine Slettemark, f. 1953

### Vinje sokn:

17.11 Synneva Helle, f. 1931  
29.12 Oddvar Petterson, f. 1965

### Voss sokn:

07.11 Gerd Amalie Rogne, f. 1943  
10.11 Leif Lemme, f. 1946  
15.11 Arne Øvsthus, f. 1937  
17.11 Alvhild Kristi Herheim, f. 1933  
17.11 Ingfrid Kvitne, f. 1935  
17.11 Magnar Brakestad, f. 1944  
18.11 Peder Olav Lahlum, f. 1931  
18.11 Astrid Gjerme, f. 1934

26.11 Brita Finne, f. 1930  
26.11 Magnhild Vestheim, f. 1930  
26.11 Åsmund Nornes, f. 1935  
27.11 Dagny Haga, f. 1927  
28.11 Leif Birger Lemme, f. 1948  
2.12 Brita Solstad, f. 1929  
3.12 Tor Rauboti, f. 1928  
4.12 Aslaug Husdal, f. 1921  
4.12 Bjarne Himle, f. 1950  
4.12 Johannes Skeie, f. 1935  
7.12 Jon Velure, f. 1927  
8.12 Geir Haugstad, f. 1949  
12.12 Åse Hjørdis Lahlum, f. 1935  
15.12 Jorunn Botten, f. 1939  
26.12 Johannes Bruland, f. 1931  
30.12 Ingeborg Solveig Kronstad, f. 1935  
31.12 Magnar Haaland, f. 1962  
01.01 Magne Olde, f. 1969  
05.01 Kåre Kyte, f. 1933  
11.01 Oskar Aldal, f. 1924  
12.01 Annbjørg Leira, f. 1937  
14.01 Gunnhild Ringheim, f. 1937  
24.01 Ole Didrik Lærum, f. 1940  
24.01 Berit Olsen, f. 1931  
27.01 Sigmund Gjøstein, f. 1938  
28.01 Arne Rykke, f. 1936

## VIGDE

### Evanger og Bolstad sokn:

18.11 Kristina Øygard og Vegard Bolstad

## DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

### Slik føregår barnedåp hjå oss:

- Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- Presten** tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
- Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.

Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste. Ein kan t.d. låne dåpskjøle hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå nettsida vår **[www.voss.kyrkja.no/dåp](http://www.voss.kyrkja.no/dåp)**



## INFORMASJON

Kyrkjennytt for Vossabygdene  
PB 49  
5701 VOSS

# Gudstenesteliste

### Evanger kyrkje:

12.03 kl 11.00 Gudsteneste med årsmøte etterpå.  
Kvamsøe.

### Granvin kyrkje:

26.02 kl 14.00 Gudsteneste i **grendahuset på  
Djønno**. Kyrjekaffi. Arvidsson.  
12.03 kl 14.00 Gudsteneste med nattverd. Arvidsson  
26.03 kl 16.00 Gudsteneste. Borna sin påskefest, T7.  
Küspert.

### Mjølffjell kapell:

26.02 kl 14.00 Gudsteneste med nattverd. Øystese.

### Oppheim kyrkje:

12.03 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Årsmøte.  
Sandvik.  
27.11 kl 19.30 Lysmesse med konfirmantane

### Raundalskyrkja:

26.03 kl 15.00 Gudsteneste med årsmøte. Sandvik.

### Vangskyrkja:

22.02 kl. 19. Vangskyrkja. Skriftemålgudsteneste på  
askeonsdag v. Küspert.  
26.02 kl. 11. Vangskyrkja. Gudsteneste med dåp v.  
Küspert. Etter gudstenesta vert det  
årsmøte og kyrjekaffi i prestegarden.  
05.03 kl. 11. Vangskyrkja. Gudsteneste med Nattverd  
v. Hellesøy.  
12.03 kl. 19. Vangskyrkja. Kveldsgudsteneste v.  
Küspert.  
19.03 kl. 11. Vangskyrkja. Gudsteneste med dåp v.  
Küspert. Vi markerer misjonssøndag,  
med påfølgande basar i Vonheim.

### Vinje kyrkje:

05.03 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Årsmøte.  
Sandvik.  
26.03 kl 11.00 Gudsteneste med dåp. Sandvik.

**Kyrkja på Voss er på  
Facebook. Følg oss!!**



#### Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon  
og skann denne qr-  
koden anten med ein  
qr-app eller via kamera  
(Apple-produkter).

## Aktivitetskalender

### Ope kyrkje i Vangskyrkja

kvar måndag 18-21.  
Tidebøn frå kl 18.

### Seniortreff i Vonheim:

**14. mars kl 12.00 -14.30.** Meir info kjem i Avisa Hordaland  
når det nærmar seg.

### Misjon og mosjon/Misjon og motivasjon:

**19.03 kl 11:** Misjonssøndag. Gudsteneste og basar i  
Vonheim etterpå.

### Supertysdag i Vonheim:

28.02 kl 16.  
21.03 kl 16.

### T-dagar:

**02.03 kl 11:** T1 Babysong for Vinje og Oppheim sokn på  
Omsorgstunet.  
**03.03 kl 17:** T8 Tårnagent for Oppheim og Vinje sokn i  
Oppheim kyrkje.  
**07.03 kl 10.30:** T1 Babysong for Voss, Raundalen, Granvin,  
Evanger og Bolstad sokn i Vangskyrkja.  
**09.03 kl 10.30:** T1 Babysong for Vinje og Oppheim sokn i  
Kyrkjestova.  
**10.03 kl 17:** T8/T9 Tårnagent for Granvin sokn i Granvin  
kyrkje.  
**14.03 kl 10.30:** T1 Babysong for Voss, Raundalen, Granvin,  
Evanger og Bolstad sokn i Vangskyrkja.  
**17.03 kl 09:** T8 Tårnagentar for Voss og Raundalen sokn i  
Vangskyrkja.  
**21.03 kl 10.30:** T1 Babysong for Voss, Raundalen, Granvin,  
Evanger og Bolstad sokn i Vangskyrkja.  
**24.03 kl 17:** T7 Påskevandring for Oppheim og Vinje sokn i  
Oppheim kyrkje.  
**26.03 kl 09.30:** T7 Påskevandring for Voss og Raundalen  
sokn i Vangskyrkja.  
**26.03 kl 14.30:** T7 Påskevandring for Granvin sokn i  
Granvin kyrkje.